

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 05.09.2005 **Tid:** 15.00-18.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5, inkl. 2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Bright Olav Gåsdal
Elin Liøen

I staden møtte:

Olaug Øystese
Magda Haugen

Andre som var tilstade på møtet: Grete Lill Hjartnes under skriv og meldingar fram til kl. 15.55, og Ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13. september 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent med følgjande tilleggsaker;
 Sak 32/05 – Renovasjonsforskrifter i BIR-kommunane. Høyringsuttale.
 Sak 33/05 – Tilleggsøyving - Geologisk undersøking på Liavegen.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Ingen innspel til kvarteret.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

1. Pleie og omsorgsleiar Grete Lill Hjartnes orienterte om arbeidet med omorganisering av pleie og omsorgseininga. Ho har starta arbeidet med å samordne ute (open omsorg) og innetenestene (Samnangerheimen) i eininga. Kommunestyret gjorde vedtak om dette i eldreplanen for 2003-07, utan at det er sett krav til nedbemanning. Samstundes ønskjer ein å nå målsettinga om flest mogleg i 100%-stillingar og som igjen gjev høve for ei anna turnusplanlegging og lengre dagvakter. Dette vil krevje eit større samarbeid mellom inne og utetenesta. Sjukefråværet er for tida høgare på Samnangerheimen enn i open omsorg, og ein håper at ei samordning vil virke positivt på dette.
2. Eininga er no i ein prosess og det er sett ned ei arbeidsgruppe der plass- og hovudtillitsvalt, verneomboda, repr. frå eininga og leiinga er representert. Omorganiseringa vert sett i verk frå 27.02.06. Oppgåva no er å sjå kva oppgåver ein kan leggje til dagvaktene og få vekk skiljet mellom dei ulike arbeidsgruppene og mellom dei ulike avdelingane.
3. Status Symjebassenget- Viser til internt notat og PØ ber administrasjonen utarbeida sak til kommande kommunestyremøte den 22.09.06 om finansiering.
4. PØ sluttar seg til notat frå kommunekasserar datert 26.08.05 vedk. kommunerekneskapen 2004 – lån Lønnebakken.
5. PØ gjev ordføraren fullmakt til å gje uttale på Vestlandsrådet si høyring ” vestlandsregionen eller vidare samarbeid”.
6. Ordføraren orienterte om grunneigarforhandlingar på Ytre Tysse. Forhandlingsutvalet har løyst ut huset til Smith-Jahnsen for kr. 75.000,-. Området vert å sjå i samanheng med parkeringsområdet og slamavskiljar på nabotomta. Finansieringa vert lagt fram for utvalet i eiga sak.
7. Valstyret vert kalla inn til møte måndag 12.09.05 kl. 13.00, for å telje førehandsrøystene innan fristen.
8. Ordføraren orienterte om uro frå bebuarane på Lønnebakken omkring utbygging av fleirbustader i byggjefeltet. Saka skal drøftast vidare i naturutvalet.
9. Ordføraren orienterte om prisen for geologisk undersøking på Liavegen. Utvalet handsama saka som tilleggsøyving i sak 33/05.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0029/05	05/00268	UTBYGGING GJERDE BARNEHAGE
0030/05	05/00269	STRAKSTILTAK KOMMUNALE VEGAR
0031/05	05/00305	Unnateke off. innsyn §6 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - LINDA G. GJERDE.
0032/05	05/00082	RENOVASJONSFORSKRIFTER I BIR-KOMMUNANE. HØYRINGSUTTALE
0033/05	05/00107	TILLEGGSLØYVINGAR 2005-LIAVEGEN GEOLOGISK UNDERSØKING

0029/05

UTBYGGING GJERDE BARNEHAGE

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

PØ ønskjer ei synfaring før kommunestyremøtet den 22.09.05, der arkitekten og teknisk er med før endeleg handsaming.

PØ ber utvalet for oppvekst og omsorg om å vere styringsgruppe og opprette ei byggjenemnd for prosjektet. Byggjenemnda bør vere sett saman av einingsleiar for barnehagane; Anne Fredriksen, ass.adm.sjef Våge, 1 foreldrerepr. og 1 pol. frå utval for oppvekst og omsorg. Prosjektansvarleg i teknisk eining er sekretær for nemnda.

Vedtak:

PØ ønskjer ei synfaring før kommunestyremøtet den 22.09.05, der arkitekten og teknisk er med før endeleg handsaming.

PØ ber utvalet for oppvekst og omsorg om å vere styringsgruppe og opprette ei byggjenemnd for prosjektet. Byggjenemnda bør vere sett saman av einingsleiar for barnehagane; Anne Fredriksen, ass.adm.sjef Våge, 1 foreldrerepr. og 1 pol. frå utval for oppvekst og omsorg. Prosjektansvarleg i teknisk eining er sekretær for nemnda.

0030/05

STRAKSTILTAK KOMMUNALE VEGAR

Framlegg til vedtak::

For å kunna halda vegen open til Nyutløtræ på ein forsvarleg måte til vinteren må det setjast i verk strakstiltak på vegen i samsvar med saksutgreiinga. Konto nr. 1.1601.3330.2300 kommunale vegar vert tilført kr 156.000, og utgiftene vert dekkja ved overføring frå konto for tilleggsøyving – 1.1200.1800.4900.

Handsaming i møte:

Samrøystes.

Vedtak:

For å kunna halda vegen open til Nyutløtræ på ein forsvarleg måte til vinteren må det setjast i verk strakstiltak på vegen i samsvar med saksutgreiinga. Konto nr. 1.1601.3330.2300 kommunale vegar vert tilført kr 156.000, og utgiftene vert dekkja ved overføring frå konto for tilleggsøyving – 1.1200.1800.4900.

0031/05 **Unnateke off. innsyn §6**
TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - LINDA G. GJERDE.

Framlegg til vedtak::

Tilråding vert lagt fram i møtet.

Handsaming i møte:

Finansieringsplan vart lagt fram i møtet.

Fellesframlegg: "Linda G. Gjerde får eit tilskot frå næringsfondet på kr. 12.000,-. Til delfinansiering i kjøp av utstyr. Utgiftene skal førast på konto 1.1400.3251."

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Linda G. Gjerde får eit tilskot frå næringsfondet på kr. 12.000,-. Til delfinansiering i kjøp av utstyr. Utgiftene skal førast på konto 1.1400.3251.

0032/05

RENOVASJONSFORSKRIFTER I BIR-KOMMUNANE.
HØYRINGSUTTALE

Framlegg til vedtak::

Samnanger har ikkje merknadar til endringar av "Forskrift for håndtering av husholdningsavfall m.v" i BIR kommunane.

Handsaming i møte:

Samrøystes.

Vedtak:

Samnanger har ikkje merknadar til endringar av "Forskrift for håndtering av husholdningsavfall m.v" i BIR kommunane.

0033/05

TILLEGGSLØYVINGAR 2005-LIAVEGEN GEOLOGISK UNDERSØKING

Framlegg til vedtak::

Personal og økonomiutvalet løyver inntil kr. 25.000,- eks. mva til geologisk undersøking på Liavegen frå tilleggsloøyvingskonto; 1.1200.1800.4900.

Handsaming i møte:

Samrøystes

Vedtak:

Personal og økonomiutvalet løyver inntil kr. 25.000,- eks. mva til geologisk undersøking på Liavegen frå tilleggsloøyvingskonto; 1.1200.1800.4900.